



Isdalstø Auto Knarvik AS  
Kvassnesvegen 31  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/7788 - 21/59499

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
09.09.2021

## Adressetildeling/ adresseendring Kvassnesvegen 27 og 29

Administrativt vedtak: Saknr: 936/21

### VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adresseendring og adressetildeling:

Gbnr	Brukseining	Eks. adresse/ husnr.	Ny tildelt adresse/husnr.
188/415	Ubebygd	29	Ingen
188/136	Geco Inngang nord	27	29

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

### Saka gjeld

I samband med at det er godkjent bygging av stort butikk/ forretningsbygg på eigedommen 188/810 ( Coop) skal det også tildelast offisielle adresser. Då det ikkje er ledige husnummer mellom dagens tildelte husnummer 25 og husnummer 27, er det behov for å endre eit par adresser for å frigjera husnummer 27 til dette nybygget.

### Vurdering

På eigedommen 188/415 er det tildelt adressa Kvassnesvegen 29. På denne eigedommen er det ikkje oppført noko adresseverdig bygg pr i dag. Drivstoffpumper kan adresserast til adressa Kvassnesvegen 31, med same eigar. Det er avklart med eigar i e-post dat. 07.09.21 at denne adressa kan omdisponerast.


Kommunen v/leiar for eigedomsforvaltninga har i e-post dat 08.09.21 også svara bekreftande på at dei ikkje har merknad til adresseendring frå husnummer 27 til husnummer 29, for den delen av Geco-bygget som har tilkomst frå Kvasnesvegen.

Nybygget til Coop vil truleg ha behov for å adressere fleire inngangar på bygget, og dette må løysast ved bruk av bokstavar i tillegg til no frigjorte husnummer 27. Det kan også vera behov for leveringsadresse frå Bruvegen. Adresser til dette bygget vert difor handsama i eiga sak.

Tildeling av adresse er i tråd med retningslinjer for adressetildeling og adresse vert difor tildelt. Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Kvasnesvegen.

Offentlege etatar hentar opplysningar om adresseendringa frå matrikkelen. Eventuelle private kontaktar må de melda adresseendringa til sjølv.

Adressa viser også på kartutsnitt under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn ( sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

### Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering ( matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland  
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Alver kommune  
Isdalstø Auto Knarvik AS  
Kvassnesveien 3 og 5 AS

Kvassnesvegen 31                      5914    ISDALSTØ  
c/o Coop Hord Postboks                5852    BERGEN  
73 Nesttun